

Mor, far eller ein vaksen du kjenner godt skal vere med deg heile den tida du er på Barnerøntgen.

Når du kjem til Barnerøntgen må du først vente litt på eit rom der du finn leiker og bøker som du kan låne.
Ein av oss som jobbar her vil helse på deg når du kjem.

leikerommet →



Kva er eit røntgenbilete?

Eit røntgenbilete syner korleis vi ser ut inne i kroppen. Bileta ser heilt annleis ut enn eit vanleg foto, difor er det mest dei som jobbar på sjukehuset som skjønner kva dei ser på bileta. For andre ser bileta grå ut.

Litt om å tisse

Urinblæra ligg i nedersre del av magen og her blir urinen som kjem frå nyrene samla. Urinblæra er elastisk og når den blir full nok kjenner vi oss tisse-trengt.

Korleis tar vi røntgenbilete

Når det blir din tur følgjer vi deg inn til rommet der

røntgenapparatet står. Røntgenapparat er mykje større enn vanlege fotoapparat.

Først må du kle av deg bukse og sko og liggje på ein benk. Så vil ein vaksen vaske tissen din forsiktig. Vi legg litt salve (gele) på tissen. Salven inneheld medisin som gjer at du berre kjenner litt når eit kateterer forsiktig blir lagt inn i urinblæra di.

Kateteret er ein tynt plastrøyr som vi treng for å fylle urinblæra med kontrast. Kontrasten liknar vatn og gjer at vi kan sjå urinblæra på røntgenbileta.

Når du er blitt veldig tissetrengt ønskjer vi at du skal tisse mens du ligg på benken. Da får vi akkurat



Her er benken du ligg på når vi tar bilete.

dei røntgenbileta vi treng av urinblæra di.

Det er viktig at du ligg stille akkurat når vi tar bilete, slik at dei blir klare og fine. Vi vil fortelja deg når du må ligge stille og når du kan røre deg att.

Når du har tissa ferdig blir kateteret fjerna og du kan kle på deg og dra heim.

Informasjon til vaksne →